

Sak til Områdeutvala

Går til:	Medlemmene i områdeutvala
Dato:	15. november 2022
Sakshandsamar:	SSE
Saken gjeld:	Utvikling av felles e-læringsprogram for å spreia bevisstheit, kunnskap og kompetanse rundt vurderinga av når er ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta (pkt. 2.4 på handlingsplanen)
Saksnummer:	18/22

Arbeidsgruppa for utvikling av felles e-læringsprogram **for å spreia bevisstheit, kunnskap og kompetanse** rundt vurderinga av når er ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta er ferdig (pkt. 2.4 på handlingsplanen) og klar for å tas i bruk. Arbeidsgruppa har jobba fram eit forslag til e-læringsprogrammet som og er prøvd ut i utvalde kommunar og sjukehusavdelingar.

Bakgrunn

Tilbake i 2019 (sak i alle SU mai/juni 2019) vart det sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å laga eit opplæringsprogram som skulle ta opp i seg å auka bevisstheit, kunnskap og kompetanse for å sikra gode og trygge overgangar når ein pasient er utskrivingsklar. Opplæringsprogrammet skulle og vera i tråd med føremålet i samhandlingsavtalane.

Arbeidsgruppa har vore:

- SU Bergensregionen Inger Uglenes, kommuneoverlege Austevoll
- SU Voss Hilde Ystanes, leiar for heimebuande, Kvam herad
- SU Bergen Siw Raum, rådgjevar etat for vurdering og rehabilitering, Bergen kommune
- SU Nordhordland Kari Hesjedal, Avdelingsleiar forvaltarkontoret, Alver kommune
- Helse Bergen, HUS Reidun Nordal, rådgjevar seksjon samhandling, Helse Bergen
Rune Bjørneklett, overlege Mottaksklinikken, Helse Bergen
Solveig Dale, ass. klinikkleder lungeavdelinga, Helse Bergen
- SSE Elena Sandgathe, Haraldsplass diakonale sjukehus
Linn Kästel, Bergensregionen
Reidun Braut Kjosås, Voss lokalsjukehusområde

På grunn av pandemien kom ikkje arbeidet i gang slik som planlagt. Undervegs vart det og gjort endringar i mandatet til arbeidsgruppa. Mellom anna at opplæringsprogrammet skulle vera eit e-læringsprogram og at det i fyrste omgang berre skulle gjelda for somatikken.

Arbeidet med e- læringsprogrammet har tatt utgangspunkt i:

- [Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter](#)
- [Tenesteavtale 3 og 5 for somatisk sektor](#)
- [Særavtale til Tenesteavtale 2. Behov for følgje](#)
- [Retningsline for elektroniske meldingar innan somatisk sektor](#)
- [Retningliner for samarbeid mellom fastlege og spesialisthelsetenesta](#)

I mai/juni vart det gitt ein status for arbeidet i alle Samarbeidsutvala. Den vidare prosessen har vore:

- Mai 2022: SSE utforma e-læringsprogrammet i KS-læring på bakgrunn av arbeidsgruppa sitt arbeid.
- Juni-aug 2022: Småskaletesting av foreløpig e-læringsprogram i arbeidsgruppa sine respektive kommunar og sjukehus.
 - 4 svar frå sjukehus (sjukepleiarar som jobbar med pleie og omsorgsmeldingar (PLO) dagleg samt sjukehuslege)
 - 11 svar frå kommunar (Forvaltning, heimesjukepleie og korttidsavdeling, fastlege)
- August/september 2022: SSE har innarbeida innspel og justert programmet etter småskaletesting

Småskaletestinga viser at pålogging til e-læringsprogrammet kan for nokon, opplevast som tungvint og kanskje til hinder for å ta programmet. Frå ein tok avgjersla om å nytta KS læring som plattform har det vore peika på at pålogging for eksterne (føretaket og enkelte kommunar som ikkje nyttar KS-læring) er ein svakheit. Det vart opphavelig undersøkt fleire plattformer for å laga eit e-læringsprogram, men ein landa til slutt ned på KS-læring som det beste alternativet.

Vurdering

Arbeidsgruppa har jobba fram eit [e-læringsprogram](#) i tråd med oppdraget. E-læringsprogrammet har ei målsetting om å gje helsepersonell auka forståing, innsikt og kompetansen omkring samhandling mellom sjukehus og kommunane i høve inn og utskrivning av pasientar i somatikken. Kurset går gjennom heile forløpet frå når ein pasient blir lagt inn og til han blir skriven ut. Kurset tar opp kva ansvar helsepersonell i kommunen og sjukehus har for at pasienten skal oppleve eit heilskapleg forløp, med utgangspunkt i forskrift og avtaler.

Programmet skal bidra til å større forståing for kven som har ansvar for dei ulike stega i inn- og utskrivingsprosessen og viktigheita av stega blir følgt opp, slik at informasjonen om pasienten går så saumlaust som mogleg.

Implementering

For at målsettinga med programmet skal lukkast er det viktig at kommunar og sjukehus implementere e-læringsprogrammet i sine organisasjonar. Kommunane og sjukehusa har ulike kompetanseplattformer og må derfor finne sine løysingar på korleis dette skal gjerast.

Småskaletestinga viste at helsepersonell opplever kurset som relevant og at dei tilrår kurset både til nyttilsette og som oppfrisking for andre tilsette. Deler av programmet kan kanskje og egna seg som tema for personalmøte.

Det vert tilrådd at partane gjennomfører ei evaluering i løpet av 2023.

Forslag til vedtak

- OU Voss takkar arbeidsgruppa for at fyrste del av pkt 2.4 i handlingsplanen er fullført og støtter at e-læringsprogrammet vert tatt i bruk.
- Partane i områdeutvalet tek ansvar for å implementera e-læringsprogrammet i sine organisasjonar (kommunar og sjukehus).